

Strandebarm sokneråd.

Møte tysdag 12.03.2019 kl. 18.30

i Strandebarm kyrkjelydshus

Møte nr 2 / 2019

Tilstades:

Anne Marie B Berge, Kristian Neteland, Siv Ljones, Åse Sandnes Fosse, Ketil Karlsen, Lillian Hjartåker Fosse Brita Kolltveit og sokneprest Roar Strømme.

Anne Marie ynskte velkomen .

Ord for dagen ved Roar Strømme. Han delte refleksjonar kring tida / ordet FASTE i kyrkja. Kanskje dette har fått litt lite fokus i vår tid.

Organistane Margrete Lid Kjosås og Astrid Gjestvang var inviterte til å vera til stades på eit soknerådsmøte. Dei møtte denne kvelden og vi starta difor med sak 15/19.

15/ 19 Drøfting med organistane.

Organistane gav uttrykk for at det er fint å spela i Strandebarm kyrkje, der er alltid ei god stemning. Orgelet frå 1976 har eit stort potensiale, eit godt konsertinstrument. Det er ikkje gammalt, men byr på ein del overraskingar for organistane. Organistane trur at det kan skriva seg frå byggtekniske årsaker. Orgelet treng ei oppgradering.

Når det gjeld val av salmar og musikk i gudstenesta, så ynskjer organistane innspel frå sokneråd m fl, men temaet i gudstenesta skal alltid gjenspeglast i musikk og salmeval og det er organist og prest som har det avgjerande ordet . Valet må balansera mellom gamle og nyare salmar, noko som kan vera utfordrande.

Organistane ynskjer samarbeid med lokale aktørar (song /instrument) , men dei har ikkje alltid kapasitet til å organisera dette i ein travel arbeidssituasjon. Dei har fått ei liste over folk som kan kontaktast, og vil bruka den når kapasiteten tillet det.

Soknerådet bør leggja inn i budsjettet ein pengesum som skal øyremerkjast til betaling for musikkinnslag i gudstenesta.

11/19 Soknerådet sitt framlegg på kandidatar til Bjørgvin Bispedømmeråd.

Referat frå telefonmøte 27.02.2019. Soknerådsleiar organiserte denne saka som telefonmøte. Alle soknerådsmedlemmene vart kontakta og sa seg einige i framlegget:

Framlegget kjem frå

Namn på sokneråd: Strandebarm Sokneråd

Dato og saksnummer for vedtak: 27.02.19 Sak 11/19

Kandidaten (som må ha sagt ja til å stilla til val)

Namn: **Arve Kjell Uthaug**

fødselsdato: 13.09.1967

Adresse: 5918 Frekhaug Bustadsokn: Meland Telefon (gjerne mobil): 410 91 234

E-post (obligatorisk): arvekjell@bkkfiber.no

Opplysningar om kandidaten

Uthaug er aktiv i Meland kyrkjelyd, der han har hatt ulike oppgåver (medlem og leiar av husgrupper, medlem av gudstenestelag som har ulike oppgåver i gudstenestene, redaktør av kyrkjebladet). Medlem av arbeidsgruppa i Frimodig kyrkje i Bjørgvin. Arbeidet til dagleg med administrasjon av forskning og høgare utdanning, har også bakgrunn frå journalistikk.

Kandidaten (som må ha sagt ja til å stilla til val)

Namn: **Per Hilleren**

Fødselsdato: 24.04.59

Adresse: Middalen 6856 Sogndal Bustadsokn: Sogndal Telefon (gjerne mobil): 476 07 532

E-post (obligatorisk): Peren@online.no

Opplysningar om kandidaten

Nestleiar i Stedje Sokneråd .Leiar i Sogndal og Leikanger Fellesråd. styreleiar for Lyngmo a.s (Lyngmo Ungdomsenter) eigd av Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) og Sogn og Fjordane Indremisjon. Nestleiar i Styre for NLM Region Vest.

Namn/underskrift og dato

Anne Marie Bogetveit Berge, soknerådsleiar Strandebarm 28.02.2019

12/19 Drøfting av sakshandteringa i sak 11/19.

Pga kort frist, vart denne saka avgjort ved hjelp av e-post og telefon Soknerådet såg på dette som ei grei og effektiv ordning.

13/19 Innkalling og referat

Ingen merknader til innkallinga eller referat frå sist møte .

14/19 Orienteringar

Kristian Neteland: *Kyrkja skal spylast og vaskast opp til ei viss høgde.Kristian skal få hjelp av gravaren og Arvid Strømme til dette. Malingssår vil bli flikka og malt så snart ver og temperatur tillet det. Det same gjeld inngangsporten. * Heine Ugletveit arbeider med ferdigstilling av grusgang. * Kyrkjeverje tek kontakt med Asbjørn Eide vedr oppussing av ytterdørrar i kyrkja og dørane til toaletta. * Kyrkjeverja har sendt søknader til div Stiftingar om pengestønad til opprusting av orgelet. Olav Tombre skal ta kontakt med lokale verksemder.

RoarStrømme :* Ny kateket tok til i arbeid 1. mars d.å. Ho vil bli presentert på gudsteneste i Norheimsund kyrkje og vigsla av biskopen på same stad i september.

Leiar Anne Marie B Berge har saman med Åse Sandnes Fosse vore på valkurs i Norheimsund. Der vart Hans Atle Soldal valt til prostiet sin repr i Nominasjonsnemda til bispedømmerådet.

Kyrkjekontoret tar ansvar for nesten ALT det praktiske i samband med det lokale valet. Sokneråda sine oppgåver:

1. Velje Nominasjonskomite for soknerådsvalet

Godkjenna lista og sende den til Kyrkjekontoret

2. Organisere arbeidet på valdagen:

-Plan for kven som skal sitje i stemmelokalet og ta imot stemmene, kven skal telje opp stemmene og levere resultatet til kyrkjekontoret

3. Evt hjelpe til med å «merka vegen» til stemmelokalet

4. Evt hjelpe til med førehandsstemming

Nominasjonsnemnda i Strandebarm har sendt brev til 67 personar med spørsmål om å stå på liste til soknerådsvalet i haust. Ingen positive svar så langt

*Anne Marie har kjøpt gavekort til Karen Mattiessen som takk for framifrå arbeid med Kyrkjebladet. Det same skal Johannes S Børsheim og få.

16/19 Årsrapport 2018.

Anne Marie la fram årsrapporten og nokre justeringar vart gjort. Rapporten vart godkjend.

17/19 Årsrekneskap 2018.

Brita la fram årsrekneskap 2018 og den vart godkjend

18/19 Val av misjonsprosjekt for kyrkjelyden.

Vedtak: *Strandebarm sokneråd ynskjer at Himalpartnar skal vera kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt og at det vert underskrive ein avtale med organisasjonen om dette. Vi vil då få tilsendt informasjon om arbeidet i Nepal og få vitjing av representantar. Her i området er det Ragnhild og Tore Skeie. Kyrkjelyden støttar organisasjonen med forbønn og offer. Kyrkjebladet vert også nytta for å formidla informasjon. Leiar tek kontakt med Himalpartnar.*

Dette vedtaket skal presenterast i ei gudsteneste og i Kyrkjebladet.

19/19 Gudstenestelista 2. halvår 2019.

Presten delte ut oversyn over datoar for gudstenester i Strandebarm. Fullstendig liste kjem seinare.

20/19 Fasteaksjonen 2019.

v.Kristian: Datoen er 9. april 2019 med frammøte 17.30 og slutt kl 20.00.

Kristian orienterer konfirmantane og føresette 3. april. Han bestiller også brus og bollar til konfirmantane, Brita kokar kaffi og leverer innsamla pengar i banken. Ketil og Anne Marie er reserve dersom det trengs fleire til å køyra ol.

21/19 Eventuelt.

Fest for årets konfirmantar vert 9. mai. Siv og AnneMarie startar planlegging.

Konfirmantjubleum 13. oktober Toril tek kontakt med Sigrun Neteland og spør om ho kan vera med i planlegginga.

Møtet avslutta med Fadervår.

Neste møte tysdag 23. april 2019.

Brita Kolltveit
--vikar for skrivar-